



Dykkar ref.:      Vår ref.: 12/392-3      Arkiv: K1-, K2-A10, K3-&13      Dato: 03.05.2012

## HØYRINGSUTTALE FRÅ GISKE KOMMUNE NOU 2012: 1 TIL BARNAS BESTE - NY LOVGIVNING FOR BARNEHAGANE

Giske kommune vil med dette komme med ein uttale omkring delar av forslaget til ny barnehagelov.

Saka har vore oppe til politisk behandling som delegert sak for komité for oppvekst 24.4.12. Komité for oppvekst støttar fråsegna i saksutgreiinga.

### KAPITTEL 2. BARNA SINE RETTIGHEITER

- Den nye barnehagelova må presisere kven som er 3-åringar i barnehagen. 1. august skal vere datoen for dette skillet.
- § 9 og §10: Vi støtter presiseringane i lova som går på å sikre det fysiske og det psykososiale miljøet for barna.

### KAPITTEL 4. BARNEHAGEEIGAR SITT ANSVAR OG OPPGÅVER

- Vi støtter utvalet sitt forslag til ny § 16 *Krav til forsvarleg system for barnehageeigar.*

### KAPITTEL 5. DEN LOKALE BARNEHAGEMYNIGHEITA SITT ANSVAR OG OPPGÅVER

- § 17. Vi støtter forslaget om at kommunane skal ha tilgang på barnehagefagleg kompetanse over barnehagenivået.
- § 20 seier at "kommunen har plikt til å tilby plass i barnehage til barn bosatt i kommunen som har rett til plass i barnehage...". Vi ønskjer at lova skal presisere at dette gjeld dei private barnehagane også.
- § 24 omhandlar moderasjonsordningar for føresette med lav betalingsevne. Vi er imot dette forslaget. Prisen for ein barnehageplass har vore den same i nesten ti år. Vi meiner satsen er så lav at godt som alle har råd til å betale. Kommunen har erfaring med slike system frå tidlegare, og veit det er store administrative oppgåver knytt til ordninga. Vi ønskjer at inntektsgradert moderasjon i foreldrebetalinga skal strykast frå lovforslaget.
- § 25: Utvalet vil at kommunen skal utarbeide rutinar for samarbeid og kunnskapsutveksling mellom barnehage og ulike faginstansar. Vi støttar forslaget.

### KAPITTEL 7. AVGJERSLER OM BARNEHAGEN SITT PERSONALE MV.

- § 31: Vi ønskjer ei presisering i lova med krav om at kvar barnehage har ein styrar, då kvaliteten i barnehagen er avhengig av tydeleg og nær leiing. Vi ønskjer også ei presisering av kor mange barn ein styrar totalt kan ha ansvar for, før det utløyser styrar-assistent. Vi støtter elles utvalet sitt forslag.
- § 32: Vi støtter lovfesting av grunnbemanninga i barnehagen (ein tilsett har ansvar for inntil 3 barn under 3 år, og inntil 6 barn over 3 år).



# GISKE KOMMUNE

## Staben

- Vi støtter forslaget til at ein førskulelærer har det pedagogiske ansvaret for inntil 6 barn under 3 år, og inntil 12 barn over 3 år.
- Vi meiner at ansvarsområda for pedagogisk leiar og pedagog 2 må bli presisert. Om alt pedagogisk personale skal ha like mykje planleggingstid som ein pedagogisk leiar har per i dag (der konsekvensen er fråver frå barnegruppa) er ikkje lovforslaget til ny bemanninga ei god nok styrking.
- Vi støtter forslaga til utdanningskrav for barnehagetilsette, og vil understreke at det trengs ei nasjonal satsing for å nå måla for 2020.
- Det bør bli innført egen stillingsbetegnelse ”Førskulelærer uten godkjent utdanning” med eigen lønnplassering for dei som har dispensasjonar frå utdanningskravet.
- § 33: Vi støtter forslaget om at alle barn har rett til å høre til ei barnegruppe, med størrelse ut frå barnas alder og forutsettingar. Vi ønskjer at størrelsen på barnegruppene blir definert, då ”pedagogisk forsvarleg” ikkje er ei tydeleg presisering.
- § 34 må bli spesifisert, då ”barnehagen skal ha et trygt og pedagogisk forsvarlig areal inne og ute” ikkje er tydeleg nok. Giske kommune vil forslå at det her blir lovfesta arealnorm.

### KAPITTEL 9. SPESIALPEDAGOGISK HJELP, TILRETTELEGGING FOR BARN MED NEDSETT FUNKSJONSEMNE OG TEIKNSPRÅKOPPLÆRING

- Giske kommune støtter utvalet sitt forslag i dette kapitlet.

Med helsing

Sindre Røsvik  
Kommunalsjef

Heidi Bostad Roaldsand  
pedagogisk konsulent barnehage